

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



Aktivitetar som skjer kvar veke:

Måndag kl. 18.00	Hylestad gymsal
Tabata	
Måndag kl. 19.00	Møykjerommet
Styrketrening	
Onsdag kl. 19.00	Biljardklubben
Jentekveld biljard	
Torsdag kl. 18.00	Skytebanen på Hovet
Hagleskyting	
Torsdag kl. 19.00	Møykjerommet
Styrketrening	

Heile aktivitetskalenderen for Valle kommune kan du sjå i appen Friskus.
Du finn den nederst på skjermen!

Aktivitetskalenderen ligg og på Valle kommune si heimeside. Du finn den ved å bla heilt nederst på framsida.

VIKTIGE FRISTAR:

Kommunalt utdanningsstipend - 15. oktober
Produksjonstilskot del 2 - 15. oktober

VALLE KOMMUNE, KJELLEBERGSVEGEN 1, 4747 VALLE / TELEFON 37 93 75 00
E-POST: SENTRALBORD@VALLE.KOMMUNE.NO / POST@VALLE.KOMMUNE.NO
NETTSIDE: WWW.VALLE.KOMMUNE.NO

KOMMUNEN INFORMERER

Politiske møter

Måndag	07.09	kl. 08.30	Valle ungdomsråd
Tysdag	08.09	kl. 10.00	Arbeidsmiljøutvalet
		kl. 12.00	Eldrerådet
		kl. 14.00	Rådet for personar med funksjonsnedsetting
Onsdag	09.09	kl. 09.00	Plan- og miljøutvalet
		kl. 12.00	Levekårutvalet
Torsdag	10.09	kl. 09.00	Administrasjonsutvalet
		kl. 10.00	Formannskapet
Torsdag	24.09	kl. 17.00	Kommunestyret



Kommunalt utdanningsstipend

Valle kommune tilbyr utdanningsstipend på 9 000 kroner per skuleår til personar som tek godkjend heiltidsutdanning og er folkeregistrerte i kommunen.

Kven kan søkje?

- Studentar i heiltidsutdanning som er folkeregistrerte i Valle med utdanning som er godkjend for utdanningsstøtte i Noreg.
- Lærlingar kan søkje for sitt fyrste læreår.

Korleis søker du?

- Søknaden skal sendast elektronisk på kommunen si heimeside via søknadsskjema.

Søknadsfrist: 15.oktober.



TT-kort: Transportteneste for personar med funksjonsnedsetting

Frå 1. juli 2026 har Agder fått ei felles TT-ordning for heile fylket. Samstundes er det innført løpande opptak, noko som betyr at du kan søkje om TT-kort gjennom heile året.

TT-ordninga er eit tilbod til personar med sterk og varig funksjonsnedsetjing som ikkje kan nytte ordinær kollektivtransport.

For å søkje må du vere busett i kommunen og sende inn søknad med legeerklæring til Valle kommune.

Næringsfrukost på Sølvarden

Torsdag 17.09 kl. 07.30 - 09.00 Sølvarden

- Gjenbruksstoga – Arbeidsplassar, verdiskaping og nye moglegheiter v/ Sunniva Sutestad, prosjektleiar SYR/ SMG
- Aktuelle saker frå kommunen
- Dialog og innspel



Velkomen!

TV-aksjonen 2026 - Bli bøsseberar!

TV-aksjonen 2026 går til Flyktninghjelpen (NRC). Pengane som blir samla inn skal hjelpe over 400 000 menneske på flukt frå krig og konflikt i mellom anna Syria, Gaza, Sudan, Tsjad, DR Kongo og Afghanistan, slik at dei kan få ein trygg heim og håp for framtida.



Vi treng bøsseberarar!

Vil du bidra til årets viktigaste dugnad? Meld deg som bøsseberar ved å kontakte kommunen på e-post til sentralbord@valle.kommune.no eller på telefon 379 37 500.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Fritidsbading og badstove - onsdag kvar veke

	Bassenget	Badstova
Familiar	kl. 16.00 - 18.30	Kl. 16.00 - 18.00
8. klasse tom. vgs	kl. 18.00 - 19.00	Kl. 18.00 - 19.00
Vaksne	kl. 19.00 - 21.00	
Menn		kl. 19.00 - 20.00
Kvinner		kl. 20.00 - 21.00

Barn under 12 år må vere saman med ein person på minst 16 år som har ansvar for barnet på familiebadning. Barn over 12 år kan badeleine, og det er foreldra sitt ansvar at barnet er symjedyktig.

Praktiske opplysingar:

- Hugs dusj & såpe før bading/badstove.
- Maks. 25 i bassenget samtidig.
- Dersom kø er det inntil 30 minutt bassengtid / 20 minutt i badstova.



Prisar (gjeld også om du berre nyttar badstova):

	Enkeltbilletter	Årskort
Barn og unge tom. vgs	Kr. 20	Kr. 300
Vaksne	Kr. 45	Kr. 700
Familiekort	Gratis	Gratis

Vi bed om at du betaler med Vipps, dersom mogeleg. Betal gjerne for badstova før du går i garderoben.

Faste aktivitetar - Kultur og fritid

Babysong: musikk i byrjinga av livet - kvar onsdag kl. 11.00 - 11.30 i Sæbyggjen

Song for alle - Kvar onsdag kl. 16.30 - 17.30 i Sæbyggjen

Språkkafe - kvar torsdag kl. 18.00 på Valle folkebibliotek



Nytilsette i Kultur og fritid

Martin Nilsen starta i stillinga som medarbeidar ungdom og kultur - eller «ungdomsarbeidar», som vi er vande med å kalle det - 1.august. Martin har ansvar for aktivitetar, arrangement og møteplassar for barn og unge, og han er kontaktperson for friluftsliv og turstiar, og Valle ungdomsråd. I tillegg skal han jobbe med dagleg drift av det nye Valle kultursenter, og samarbeide med det frivillige og andre.

Rebecca Egeland er tilsett som fagleiar kultur og frivilligheit fom. 1.oktober. Som fagleiar skal ho ha ansvar for utvikling, gjennomføring og koordinering av aktivitetar og arrangement, ikkje minst i den nye kultursenteret, der ho har ansvar for den daglege drifta. Ho skal samarbeide tett med det frivillige, og saman med resten av Kultur og fritid vere ein pådrivar for utvikling av kulturtilboda i kommunen vår.

Valle folkebibliotek - Opningstider

Måndag	11.00 - 16.00
Tysdag	11.00 - 16.00
Onsdag	11.00 - 17.00
Torsdag	11.00 - 17.00
Fredag	11.00 - 15.00



Laurdagsope på biblioteket

Laurdag 5. september har vi ope frå kl. 11, og inviterer til sommarles-avslutning på biblioteket.

Då blir det diplom til alle deltakarane, rebus og is – og sjølvsaft premiar! Den som har lese aller mest, får ein ekstra premie, og i tillegg trekkjer me nokre premiar tilfeldig blant alle som har vore med.

Me håpar mange kjem og feirar lesesommaren saman med oss!

Bygdekinoen



Måndag	31.08	kl. 17.00	Paw Patrol: Dinofilmen
		kl. 19.00	Spider-Man: Brand New Day
Måndag	14.09	kl. 17.00	Film kjem
		kl. 19.00	En nasjon i sjakk



Stad: Valle kultursenter.

Du kan kjøpe billetter på Bygdekinoen sine heimesider: bygdekinoen.no/valle

FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT ER 17. SEPTEMBER (GRUNNA HAUSTFERIE)

Send på epost til sentralbord@valle.kommune.no

PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - SEPTEMBER

Onsdag 02.09 kl. 12.00 Vi over 60 Skafsåheii Fjellkyrkje

Påmelding til telefon 957 08 242. Sjå under for programmet.

Onsdag 09.09 kl. 10.30 Andakt og Bispevisitas Valle bygdeheim

Onsdag 16.09 kl. 10.30 Sosialt samvær Valle bygdeheim

Onsdag 23.09 kl. 10.30/13.00 Konsert med Arne Benoni Valle bygdeheim

Konserten startar kl. 13.00 - men det blir sosialt samvær som vanleg frå kl. 10.30.

Arne Benoni har underhalde fans over heile verda og hatt stor suksess i USA. Sidan debuten i 1982 har han gjeve ut rundt 20 album, dei fleste innspelte i Nashville, med eit samla sal på om lag 400 000 eksemplar. Hausten 2025 kom eit nytt album frå countrylegenda.

«Lofotsheriffen» har hatt hitlåtar på Billboard- og Cash Box-listene i USA, spelt på Grand Ole Opry, turnert i Europa og opptredd med stjerner som Lynn Anderson og Dottie West. Han er òg rekna som ein av dei fremste tolkarane av Jim Reeves.



I Noreg har han vore gjest i ei rekkje TV- og radioprogram. Arne Benoni må framleis opplevast live, der sjela og nerven i musikken kjem best fram.

Onsdag 30.09 kl. 10.30 Andakt Valle bygdeheim

Treng du skyss kan du kontakte Bøggi på telefon 957 08 242 dagen før.

Her er det moglegheiter for å kjøpe seg ein god middag!

SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE - VI OVER 60

Onsdag 02.09 kl. 12.00 Skafsåheii Fjellkyrkje



Vi får besøk av musikalske kameratar frå Oslo og Kragerø. Dei kallar seg «Salig Blanding», og repertoaret tilseier at namnet høver bra. Kvartetten presenterer varierte godbitar frå kjente viser, salmer, gospel og jazz.

Harald Nettet – song, Tore Ulleberg – piano, Kay Andre Wachter – bass og Svein Andresen - trommer
Tilhøyrarane vert utfordra til å bli med på allsong.

Lapskaus, kaffi og kaker kr. 150,-

Påmelding innan torsdag 27. august til

Gunstein Seltveit mail: gunstein@seltveit.no, tlf. 90170465 eller til
Tahar Haddad tlf. 95106156

Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja.

Velkomen!

Arr: Fjellkyrkjelaget og Dalen pensjonistlag



VALLE RADIO

Tysdag kl. 18 Sending

Onsdag kl. 19 Sending

Vi sender også direkte videooverføring av kommunestyremøta via heimesida vår, med reprise på FM og nettradioen dagen etter.

Ta gjerne kontakt dersom du har tips om noko vi kan ta med «på lufta». Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com

Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



VALLE FOLKEAKADEMI - TROND VERNEGG "SPRÅK UNDER PRESS"

Fredag 18.09 kl. 19.00 Sæbyggjen - Kyrkjestoga

Ettertrakta foredragshaldar Trond Vernegg er jurist, forfattar og leiar av Riksmålsforbundet. Vernegg har vore formann i Riksmålsforbundet sidan 1990. Frå 2011 har han vore medlem av Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, og han er òg medlem av Norsk PEN.

Dette er eit foredrag som treff. Trond Vernegg er kjend for å engasjere, provosere og begeistre, og samtalane held gjerne fram lenge etter at han har avslutta. Publikum går ikkje heim upåverka.


I foredraget «Språk under press» tek han oss rett inn i ei av vår tids viktigaste språkpolitiske utfordringar: Kva skjer med norsk språk når engelsken stadig vinn terreng, kunstig intelligens formar tekstane våre, og lese- og skriveferdighetene blir svekte?

Med skarpe analysar, glimt i auga og brei fagleg innsikt gjer Vernegg komplekse spørsmål både forståelige og høgst aktuelle.

Dette er kvelden som set i gang samtalane, utfordrar tankane og gir publikum noko å grunne på lenge etter at foredraget er over.

Billett: 100kr for medlem,
200kr for ikke-medlem,
gratis for ungdom under 20 år.

Arr: Folkeakademiet Valle



NOMELAND BEDEHUS

Møte med Viggo Wilhelmsen

Fredag 4. september kl 19.00

Laurdag 5. september kl 19.00



Møte med Torstein Landås

Tysdag 29. september kl 19.00

Alle er hjarteleg velkomne!



VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Sundag	06.09	11.00	Gudsteneste	Hylestad kyrkje
Tysdag	08.09	18.00	Kulturkveld	Kyrkjestoga, Sæbyggjen
Onsdag	09.09	11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	13.09	11.00	Visitasgudsteneste	Valle kyrkje
Sundag	20.09	16.00	Gudsteneste	Valle kyrkje
Onsdag	30.09	11.00	Andakt	Valle bygdeheim

Kyrjekontoret tlf: 474 82 359
Kyrkjeskyss: 911 48 355



e-post: post@valle.kyrkja.no

KULTURKVELD I KYRKJESTOGA



Tysdag 08.09 kl. 18.00 Kyrkjestoga, Sæbyggjen

Alle er velkomne til kulturkveld i kyrkjestoga i samband med bispsvisitas i Valle og Hylestad. Det blir kulturelle og musikalske innslag med bl.a; Maja Lindaas, Anna S Driel, Eirik Hodnemyr, Uppstadgutane, kulturskulen og Leikarringen. Det blir og basar ved årets konfirantar der inntekta går til Stefanusalliansen.

POESI I ORD OG TONAR

Fredag 02.10 kl. 19.00 Valle kyrkje

Diktlesing ved Haldis Reigstad og Garness med song og musikk. Gjennom dikt, song og refleksjon får vi oppleve korleis ord kan sette spor, og tonar kan opne hjartet.

Billetter: 200kr. Gratis for dei under 20 år.



ALLIDRETT

Fredag 04.09 kl. 19.00 Vallehalli

Velkomen til allidrett for ungdom i Vallehalli med aktivitetar, kioskal og andakt!



SETESDALSMUSEET

Laurdag 12.09 kl. 10 - 13 Min Kulturverndag på Ose grendehus

Min Kulturverndag er eit ope og inkluderande gratis arrangement for barn, unge og familiar, med mål om å formidle immateriell kulturarv frå Setesdal gjennom aktiv deltaking, lek og felles opplevingar.

Lunsj, lek, dans og handverk for alle!

Arrangeres saman med Valle kultur og fritid.

Setesdalsmuseet



Onsdag 30.09 kl. 10 - 14 Haustferieverkstad på Bjugsbakk

Vi trykker med maling på handlenett med haustens grønsaker og frukt!



Oslo Kammerkor

Austad kyrkje på Tveit

Sundag 13. September
klokka 15.00

Billetter: 250,-



Kan kjøpast på [Checkin.no](https://www.checkin.no)

Ved spørsmål ring: 95041185

Gratis inngang for dei under
15 år

Med gjester:

Koret Kong Hanes eftf.

Eirik Hodnemyr

Lokale kvedarar frå
Setesdal
Spelemannslag

Besøkstenesta i Valle:

Har du lyst til å gje litt av di tid for nokon som treng det, slå av ein prat ta ein kopp kaffi eller gå ein liten tur saman? Det er mange moglegheiter og diakoniutvalet i Valle ønskjer med denne tenesta å leggje til rette for eit lokalsamfunn som tek vare på kvarandre.

Ta og gjerne kontakt viss du ynskjer besøk eller veit om nokon som ynskjer besøk!

Kontakt Astrid Nomeland på tlf. 91148355 eller på e-post: astridnomeland@hotmail.com

FREDAG 02.10 KL. 19.00

VALLE KYRKJE

Poesi i ord og tonar - Med Halldis Reigstad og
Garness

LAURDAG 03.10 KL. 20.00

SØLVGARDEN HOTELL

Folkemusikkpub og konsert med Silje og Stina

SUNDAG 04.10 KL. 10.00

HYLESTAD KYRKJE

Gudsteneste med hausthakkefest

SUNDAG 04.10 KL. 14.00

VALLE BILJARDFORENING

Biljardturnering for ungdom

SUNDAG 04.10 KL. 17.00

VALLE KULTURSENTER

Konsert med Trym Bjønnes og Helga Jacobsen

MÅNDAG 05.10 KL. 09.30

HYLESTAD BARNEHAGE

Barneteater: Igor og dei gode hjelparane

MÅNDAG 05.10 KL. 10.30

VALLE BARNEHAGE

Barneteater: Igor og dei gode hjelparane

MÅNDAG 05.10. KL. 19.00

SÆBYGGJEN

Konsert med Silje og Eirik

TYSDAG 06.10 KL. 19.00

SÆBYGGJEN

Due og drone - Fløgstad og Raknes

ONSDAG 07.10 KL. 13.00

VALLE BYGDEHEIM

Konsert med Øystein Kikut

ONSDAG 07.10 KL. 15.00

VALLE KULTURSENTER

Grautfestival

ONSDAG 07.10 KL. 18.00

SÆBYGGJEN

Debatt om datasenter

TORSDAG 08.10 KL. 14.30

SETESDAL VGS. AVD. VALLE

Kreative kortkurs

TORSDAG 08.10 KL. 19.00

SETESDALSMUSEET

Lanseringkonsert "Løyni"

FREDAG 09.10 KL. 16.00

BRODERHEIMEN BEDEHUS

Basar

LAURDAG 10.10 KL. 11.00

RYSSTAD TURPARK

Familietur i eventyrlege Rysstad turpark med
grilling og quiz

LAURDAG 10.10 KL. 18.00

VALLE KULTURSENTER

Tapas

LAURDAG 10.10 KL. 20.00

VALLE KULTURSENTER

Linda Eide Språksjov

SUNDAG 11.10 KL. 14.00

SÆBYGGJEN

Matiné med Øystein Kikut

SUNDAG 11.10 KL. 18.00

VALLE KULTURSENTER

Konsert med Bjørn Tomren



VALLE VAKSENKOR

Valle vaksenkor ønskjer velkommen til ny øvingshaust!

Laurdag 5. desember vil vi nok ein gong invitere bygdefolk til ein stemningsfull gratis jolekonsert i Valle kyrkje. Ønskjer du å vere med å skape magisk jolestemning for deg sjølv og andre?

Det blir øving i Kyrkjestoga/Sæbyggjen desse datoane:

- Onsdag 2.9 klokka 18.00-20.00
- Onsdag 16.9 klokka 18.00-20.00
- Onsdag 30.9 klokka 18.00-20.00
- Onsdag 14.10 klokka 18.00-20.00
- Onsdag 28.10 klokka 18.00-20.00
- Laurdag 7.11 klokka 10.00-15.00 (servering av lunsj)
- Onsdag 11.11 klokka 18.00-20.00
- Onsdag 25.11 klokka 18.00-20.00 (i kyrkja med kulturskulen)
- Onsdag 2.12 klokka 17.00 (generalprøve i kyrkja)



Det vert nokre praktiske endringar i år: Eirik Hodnemyr er akkompagnatør og er booka inn til alle øvingane. Han skal lage arrangement til repertoaret og Anna er dirigent. Det vert ei lita sosial pause på kvar øving.

Utdrag frå repertoar: Eatnemen Vuelie v/Cantus, Nordnorsk julesalme, Eg vil heim til jol, I denne søte juletid, Et barn er født (Sondre Bratland).

Vi ønskjer alle songglade vaksne hjarteleg velkomne til å bli med!
Påmelding til Synne Viki (91809062).

Hjarteleg helsing Anna (dirigent), Eirik (akkompagnatør), Maija (musikar), Sigbjørg og Synne (styret i Valle vaksenkor)

VALLE LEIKARRING

Onsdagar kl. 17 - 18 Hylestad soknehus

Kom innom å prøv i august/september. Oppstart er 19.august.

I haust startar me opp med tre ringar!

Leikarringen er ei aktiv gruppe som møtast kvar onsdag, og me vil gjerne ha fleire med i dansen! Under kan du lese om ringane, og eksempel på kva me gjer.

Miniringen - 0 til 6 år: Enkle songleikar og dansar, bånsullar, regler, små viser og stubbar.

Leikarringen - 1.-4. klasse: Songleik og dans, prøve munnharpe, viser og stev.

Danse/kvedarringen - 5.-8. klasse:

Bygde- og gamaldans, stev, viser og munnharpe.

Denne gruppa har fleire frivillige turar og oppdrag gjennom året.

I tillegg er det eigen ungdomsring på VGS!



STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

Kursplan hausten 2026

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinnelag, Bondelaget eller Skogeigarlaget betalar 40 kr.pr. kurstime medan ikkje-medlemer betalar 70 kr.pr.kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt eit av desse laga innan kursstart.

For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2026.

Dette er kurs der det framleis er ledige plassar!

Kurs	Innhald	Lærer	Tidspunkt og stad	Pris og påmelding
"UFO-kurs" 9 timar	Har du uferdige «objekt» liggjande? Sokkeband, sauma jure, hekla mufletisa, hedeblonde eller veving? Har du vore på kurs tidlegare eller prøva sjølv og det har stoppa opp? Då kan du no få hjelp til å verte ferdig med «ufoen» din.	Karin Bøe	Oppstart torsdag 15. okt. 29. okt. 5. nov. Kl. 18-21. Venemold	Kr.360/630 Maks 8 stk. Påmelding til Kristine Jore Innan 14. sept.
Kompekurs 4 timar	No kan du endeleg lære deg å lage komper.	«Bøggi» Björg Straume	Laurdag 17. okt. kl.10.00 Skulekjøkkenet Valle skule	Kr.160/280 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Kristin Nomeland Innan 10. okt.

Kontaktpersonar til kursa:

Kristin Nomeland: tlf. 99538807, e-post: nomelandkristin@gmail.com

Kristine Jore: tlf. 482 03216, e-post: kristinejore66@gmail.com



- Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.
- Kursa skal betalast på vipps til kontaktpersonen fyrste kurskvelden
- Lengre kurs som går over to semester skal betalast i to omgonger. Halve kurset på hausten og halve på våren.
- Følg oss på Facebook :»Studieforbundet kultur og tradisjon Valle«

KVA SKJER I VALLE

Med atterhald om endringar

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
29.08.	Helle/Straume	10.00	Sogevandring frå lopt til lopt
31.08.	Valle kultursenter	17/19	Bygdekinoen
02.09.	Skafsåheii fjellkyrkje	12.00	Vi over 60
04.09.	Vallehalli	19.00	Allidrett
05.09.	Valle folkebibliotek	11.00	Laurdagsope bibliotek- Sommarles
08.09.	Kyrkjestoga, Sæbyggjen	18.00	Kulturkveld med basar
09.09.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafeen med andakt og bispevisitas
12.09.	Ose grendehus	10.00	Min kuturminnedag
13.09.	Austad kyrkje	15.00	Konsert med Oslo Kammerkor
14.09.	Valle kultursenter	17/19	Bygdekinoen
16.09.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafeen - Sosialt samvær
17.09.	Sølv garden hotell	07.30	Næringsfrukost
18.09.	Sæbyggjen	19.00	Foredrag med Trond Vernegg
23.09.	Valle bygdeheim	10.30/13.00	Onsdagskafeen og konsert med Arne Benoni
30.09.	Setesdalsmuseet, Bugsbakk	10.00	Hautferieeverkstad
30.09.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagskafeen - Andakt
02.10.	Valle kyrkje	19.00	Poesi - Ord og tonar
02.10.	KULTURVEKA STARTAR		

